

KODEJAKTA

2026



HJELMELAND KOMMUNE

Lykke til med kodejakta

I Kodejakta er dei fleste turane nye kvart år. Det betyr at katalogen over turar som har vore med i konkurransen sidan starten i 2014, tel rundt 120 turmål.

I årets Kodejakt har me prøvd å finna nokre utfordringar for dei sprekaste, mange kjekke turar som passar for unge og gamle, store og små, og nokre turmål som er oppnåelege for alle.

Dei fleste turane er også i år nye på

programmet. Kodejakta skal vera konkurransen som får deg til å oppdaga nye turperler i tillegg til alle du har besøkt før.

Og turperler er det mange av i naturkommunen Hjelmeland. Det er mange toppar og utsiktsplassar, men som du ser av framsida på dette heftet finst perlene også i strandkanten.

GOD TUR OG GOD JAKT!

HUGS DETTE NÅR DU GÅR UT PÅ TUR:


Det er generell bandtvang for hundar i Kodejakt-sesongen, og dei fleste turane går gjennom område med beitedyr.

Ta med deg godt med drikke når du legg ut på dei lengre turane.

Me minnar også om fjellvettreglane:

1. Planlegg turen og meld frå kvar du går
2. Tilpass turen etter evne og forhold
3. Ta omsyn til vêr- og skredvarsel
4. Ver førebudd på uvêr og kulde, også på korte turar
5. Ta med nødvendig utstyr for å kunne hjelpe deg sjølv og andre
6. Ta trygge vegval. Kjenn att skredfarleg terreng og usikker is
7. Bruk kart og kompass. Vit alltid kvar du er
8. Vend i tide, det er inga skam å snu
9. Spar på kreftene og søk ly om nødvendig

1. Søre Børøy



Du finn Børøy ved å følgja skilta etter å ha køyrt over brua til Randøy. Parkering ved snuplassen på Børøy.

Turen er om lag tre kilometer lang og lett å gå. Det er merke der turen går på sti i terrenget, men ikkje merke der turen går på veg eller på oppgrust sti gjennom hyttefeltet.

Turen startar i enden av det øvste feltet på privat parkeringsplass. Han følgjer grusstien opp dei første trappene før han svingar ut på skogssti.

Turen følgjer svaberga rundt sørenden av Børøy og sundet til Børøyholmane, og det er fin utsikt innover fjorden mot Fisterneset.


Turkarta i Kodejakta er merka med ulike fargar

Dei gule turane er enkle turar som er tilgjengelege for alle.

Dei grøne turane er ganske korte og lette å gå. Dei passar godt for familiar.

Dei blå turane er toppturar eller utflukter som varer frå ein til tre timar.

Dei røde turane er utfordringar som du gjerne treng opptil heile dagen på.



Dette er ein fin rundtur der du kan velja om du vil starta ved Stemmen ved Hetlandsvatnet eller ved Fister skule. Du passerer både ein gapahuk og ein turpost langs denne løypa.

Undervegs er det utsikt mot Hetlandsbygda og ned mot Vassryggen. Det meste av turen går på skogssti. Mellom Fister skule og gapahuken er løypa teikna inn på grusveg. Det er ikkje merke langs grusvegen.


Turen er vel 3 kilometer lang. Det er nokre bratte parti, men turen passar likevel for dei fleste.



Kodejakta 2026 er støtta av

 **Sparebanken Norge**

3. Haula, Jøsenfjorden



Rundturen mellom tuna på Haula i Jøsenfjorden går på asfalt og er tilgjengelig for alle.

Turen er 1,8 kilometer lang. Parkering ved Fjordahuset i Jøsenfjorden. Det første strekket går det ein bakke opp til Haula, på slutten av turen går det ein bakke ned att til utgangspunktet.

Delar av turen går langs elva Ulla, og på vestsida av Haula har du utsyn utover Jøsenfjorden.


Du finn Fjordahuset vel ein kilometer frå butikken i Jøsenfjorden, på vegen vidare mot Gullingen.

Hjelmeland kommune takkar alle grunneigarane som kvart år seier ja til at me kan merka turar på deira eigedomar og utmarks- og beiteområde.

For å halda på denne godviljen, ber me om at alle kodejegrar respekterer nokre enkle reglar.

- Lukk grindar - Hald hundar i band
- Set deg inn i reglane for tenning av bål
- Ta med deg søppelet heim frå turen

5. Trongkleivhauen, Fister



Dette er ei 2,5 kilometer lang rundløype som passar for dei fleste.

Sving av mot Fisterneset ved butikken på Fister. Følg skilta mot Nordskår. Du finn parkeringa og startpunktet ved Skaratjørna rett før du er framme på Nordskår.

Turen rundt Skaratjørna følger skogsveg det første stykket, tek ein avstikkar til utsiktspunktet og koden på Trongkleivhauen og går på fin og mjuk sti gjennom skogen på vegen ned att.




Utsikt mot Årdalsfjorden, Nordre Strand og Helgøy.

FØLG MERKINGA

Me har laga turkarta til Kodejakta så nøyaktige som me kan, men nokre stader vil du nok finna avvik mellom kart og løypemerking.

Om du er i tvil, skal du følge merkinga i staden for å følge kartet.

6. Norda Høgaste, Jøsneset



Denne rundturen er vel 6 kilometer lang, men du skal høgt til

vers og det er bratt opp frå Åsland på Jøsneset (250 moh) til Herefjellet og toppunktet Norda Høgaste på 690 moh. Du bør derfor setja av ein del timar til turen.

Turen går gjennom beiteområde i starten frå Åsland, gjennom skog på vegen

opp og på lynghei når du kjem opp på fjellet.


Det er mektig utsikt både vestover til Nedstrandfjorden og til Erfjord på nord-sida av Jøsneset (sjå bilde).

Du finn startpunktet ved å svinga av riksvegen mot Skiftun og Knutsvik ved ferjekaien på Nesvik. Skilta til Åsland.

Finn fleire turar på josneset.no.



7. Storamyr rundt, Randøy




Turen går for det meste på grus- og asfaltveg rundt Storamyr og Tømmeråsen på Randøy. Det betyr at turen er tilgjengeleg også for dei som har med seg barnevogn med hjul som er laga for litt terreng.

Eit kort stykke av turen går på skogsveg og sti. Om du har med deg barnevogn og ikkje kjem fram på stien, er det like kodeskilt i begge endar av stien. Det betyr at du kan registrera turen som

gjennomført også om du må snu og gå same vegen tilbake.

Parkering ved Sandanger bedehus. Turen er 4 kilometer lang.



Utsikt mot Moldfallet og Døvik.

KODEJAKTA HANDLAR IKKJE OM Å SPRINGA FORTAST

I skildringa av turane i Kodejakta vil du ofte finna formuleringar som «Du bruker gjerne to-tre timar på turen».

Mange vil nok oppleva at dei bruker mindre tid enn dette.

Somme vil også bruka meir tid enn det som er oppgitt.

Tida som er oppgitt tek høgde for at folk gjerne tek seg tid til å nyta turen, og legg inn ein pause eller to undervegs.

8. Brendeknuten



Turen til Brendeknuten kan du nå frå tre ulike utgangspunkt. Om du parkerer på Røgle i Årdal eller Bjørnabu på Hjelmeland, får du tøffare turar fram til Brendeknuten. Om du køyrer frå Vormedalen til Undestølsvatnet, blir turen litt lettare.

Det er private vegar med bompengebetaling fram til Undestølsvatnet og Røgle. Ver grei og betal slik skilta fortel. Ved Undestølsvatnet er det parkering rundt 500 meter før du er framme ved starten av løypa.

Stiane frå dei tre utgangspunkta møtest ved foten av sjølve Brendeknuten. Derifrå går det bratt opp til koden og masta på toppen, 815 meter over havet. Der oppe ser du vidt utover.

Turen til Brendeknuten er berre delvis merkt, men alle dei tre stiane er tydelege i terrenget. Ta med kart.

Desse turane går på stiar gjennom fin lynghei. Dei er ti til tolv kilometer tur/retur, og du bør setja av fire-fem timar.

ANDRE TURFORSLAG

Kanskje finn du fleire turar her:

Hjelmeland Turlag, Facebook


Turpostane på topp i Årdal, Facebook


På tur i Hjelmeland, Facebook

josneset.no, ut.no

Turistkontoret i Spinneriet (frå 25. juni)

SKANN QR-KODE FOR TURTIPS





Denne turen er rundt 8 kilometer lang, og du må rekna ein del timar på run-den. Du møter nokre blaute, bratte og urete parti på turen, men oppå Høgehei er det lett å gå.

Me anbefaler å gå opp på heia frå austsida og følgja ryggen vestover. Då er opp- og nedstigingane enklare og utsynet

finare. Frå Høgehei til Salen har du fantastisk utsikt mot Årdal.

Det er privat veg og parkering ved starten av rundløypa ved Livastølmyrane i Lyngsheia, men det er også stor parkeringsplass langs Songesandvegen. Bruk gjerne den store parkeringsplassen, og hugs at hytteeigarar i området treng plass ved den private parkeringa.



Send inn kodane du har samla innan **18. oktober** og bli med i trekninga av flotte premiar. Hugs at om du har funne alle ni kodane, har du ni lodd i trekninga. Har du berre funne ein, har du eitt lodd.

Turmål	Kode	Turmål	Kode
1. Søre Børøy		6. Norda Høgaste	
2. Hidlekleiv		7. Storamyr rundt	
3. Haua		8. Brendeknuten	
4. Svadbergfjellet		9. Høgehei	
5. Trongkleivhauen			

Fyll ut skjemaet og send til Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland - eller send kodane dine til postmottak@hjelmeland.kommune.no - eller lever dei til kundesenteret i Vågahuset innan 18. oktober. Del gjerne dine turopplevingar, filmar og bilde eller meiningar om turane på Facebook-gruppa Kodejakta 2026.

God tur og god jakt!

Førstepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 5.000 kroner

Andrepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 3.000 kroner

Tredjepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 2.000 kroner

4. — 8. premie: Diverse turutstyr og bokpremiar

